


4- ÅRS PLAN

MYRSNIPA BARNEHAGE

2016-2020



Visjonen vår er:

Alle skal glede seg til å kome til Myrsnipa barnehage!

Innhaldsliste:

Innhaldsliste	s 2
Innleiing og dagsrytme	s 3
Tilvenjing	s 4
Barnehagen sitt samfunnsmandat	s 5
Danning	s 5
Leik	s 6
Læring	s 7
Fagområda	s 7
Språkleg kompetanse	s 8
Barn sin rett til medverknad	s 8
Likestilling og likeverd	s 8
Sosial kompetanse	s 9
IKT	s 10
Mål for kvardagsaktivitetane	s 11
Barnehage – heim	s 12
Samarbeid med andre instansar	s 13
Pedagogisk dokumentasjon og vurdering	s 13
Handlingsplan for overgang barnehage/ skule	s 14
Progresjonsplan for fagområda	s 16
Kommunikasjon, språk og tekst	s 17
Antal, rom og form	s 18
Kropp, rørsle og helse	s 19
Natur, miljø og teknikk	s 20
Kunst, kultur og kreativitet	s 21
Nærmiljø og samfunn	s 22
Etikk, religion og filosofi	s 23

Innleiing

Myrsnipa barnehage er ein kommunal barnehage med 3 avdelingar, og den ligg i Myrvåg. Barnehagen vart bygd av foreldra i 1993, og overteken av kommunen i 1999. Barnehagen har Myrvåg omsorgssenter som nærmeste nabo, og i tillegg har vi lækjakontor, helsesøster, velværesenter, blomsterbutikk, verktøy- og matbutikk og eit stort industriområde i nærleiken.

Arealet inne er lyst og triveleg, og med mange rom for ulike leikar og aktivitetar. Uteområdet er stort og variert. Skogen vår gir alle moglegheit til å gå i ulendt terren og til å klatre i tre. Mange likar å sykle, og syklane kjem seg fram overalt. Om vinteren har vi flott akebakke. Grillhytta i skogen er kjekk å ha både til mat- og varmeplass.

4 års planen er bygd på lover og forskrifter som vi er forplikta å følgje; Lov om barnehagar, Rammeplan og den lokale rammeplanen for Herøy kommune.

Denne planen viser det vi jobbar med og legg vekt på kvart år i Myrsnipa barnehage. Sosial kompetanse meinar vi er noko av det viktigaste borna kan lære, derfor har det fått stor plass.

Dagsrytme i Myrsnipa barnehage

KI 06.45	Barnehagen opnar
KI 07.15 - 08.30	Frukost etter kvart som borna kjem
KI 09.00	Deling i leikegrupper inne eller ute Aktivitet/ tur
KI 11.00	Måltid
KI 11.45-12-30	Stell og legging, påkledning
KI 12.30-14.30	Frileik ute
KI 14.15	Måltid
KI 15.00	Stell, frileik og evt kvilestund Frileik ute eller inne
KI 17.00	Barnehagen stenger

FAMILIEHUS

Av erfaring veit vi at borna likar å sjå på biletet av seg sjølv og familien sin. Vi ønskjer derfor at borna har med seg biletet av seg sjølv, foreldre, syskjen og evt. andre dei har eit nært tilhøve til. Desse vil vi lime inn i eit hus som vi festar på veggen slik at borna kan sjå på dei og vi kan snakke om dei. Saman med borna kan vi vaksne fortelje dei andre kven som er på biletet.

TILVENJING

Hovudmålsetting:

Å gi kvart einskild barn tryggleik i høve til:

- andre born
- barnegruppa
- vaksne
- barnehage og dagsrytme/rutiner

Korleis:

Dei vaksne på barnet si avdeling skal:

- ta imot barnet og mor/far når dei kjem til barnehagen.
- vise dei rundt og hjelpe dei til rette.
- finn ut om barnet sine vanar
- observere barnet
- vere ei støtte for barnet når far/mor byrjar å forlate barnehagen.
- vere tilgjengelege vaksne som barnet kan knyte seg til.
- vere dei som kjenner barnet godt i barnehagen, og som er mottakeleg og følsam for barnet sine signal.

NB! Alle i personalet, skal likevel ha ansvar og omsorg for alle borna.

Progresjon i tilvenningsperioden:

Varigheita av tilvenningsperioden er ulik frå barn til barn, men som ein hovudregel kan vi sei at den ser slik ut:

- Born og foreldre er saman nokre timer i barnehagen første dag
- Oppholdstida vert utvida etterkvart som barnet tilpassar seg forholda og vert tryggare.
- Når barnet føler seg trygg på personalet, forlet far/mor barnehagen for ei kort tid. Tida vert gradvis utvida.

Avhengig av barnet sitt behov er det vanleg at tilvenjinga tek frå nokre dagar til to veker. Vi forventar at de som foreldra er positive til tilvenjingstida, og at de har mulighet til å ta dykk fri frå arbeidet, evt. nytte fleksitid eller andre ordningar. Ingen barn er like, derfor kan vi ikkje seie eksakt kor lang tid ditt barn treng. Dette tek vi ilag når vi ser korleis ditt barn reagerer på å starte i barnehagen ☺

MÅLET ER AT BORNA SKAL VERTE TRYGGE I BARNEHAGEN!

Barnehagen sitt samfunnsmandat

“Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem”

(Barnehagelova §1 Formål)

Med andre ord skal barnehagen:

- vere ei pedagogisk verksemد og eit velferdstilbod for småbarnsforeldre
- ha eit omsorgs- og læringsmiljø til beste for barn
- styrke høvet til læring og aktiv deltaking i fellesskap med jamnaldringar
- støtte og ta omsyn til einskildbarnet og fellesskapen
- ha eit oppvekstmiljø med utfordringar tilpassa alder og funksjonsnivå og som vernar mot fysiske og psykiske skadeverknadar
- ha ein helsefremjande og førebyggande funksjon og bidra til å jamne ut sosial skildnad
- førebyggje diskriminering og mobbing på eit tidleg stadium
- støtte borna utifrå dei kulturelle og individuelle føresetnadane deira
- reflektere det kulturelle mangfaldet

Å verte stolte Herøyværingar betyr for oss at borna skal få:

- verte kjende i sitt nærmiljø
- høre historiar om heimstaden sin
- oppleve gleda med å ferdast i den flotte naturen vår
- vere med på idrettsdag, teater og kino ilag med alle dei andre barnehagane i Herøy

Som førskuleborn får dei:

- bruke varmvassbassenget i Fosnavåg
- opplevingar frå Kjeldsund og Herøy Kystmuseum

Danning

«Barn si undring over handlinger og haldninger i møte med kvarandre, legg grunnlaget for ein kritisk refleksjon over seg sjølv i samfunnet. Omsynet til kvarandre og gjensidige samhandlingsprosessar i leik og læring er føresetnad for barn si danning» (Rammeplanen)

Danning er ein livslang prosess og må ikkje forvekslast med oppdraging. Danning er evna til å forhalde seg aktiv og verdiorientert til verda, og vere reflektande og kunne treffe forpliktande personlege val. Dette legg grunnlaget for eit demokratisk samfunn.

Om borna vert inkludert, anerkjent og tekne med i avgjerdslene, etablerer dei ei grunnleggjande tru på seg sjølv som eit aktivt menneske med rettar og plikter. På sikt vil dei kunne arbeide for at andre får dei same rettane.

Kva konsekvensar har det for barnehagen når vi skal vere ein demokratisk møteplass?

1. Vaksne må stille seg opne for born si undring og deira sjølvstendige refleksjonar
2. Vaksne må gje borna høve til å gjere val, ta ansvar og lære av vala sine
3. Vaksne må gje borna høve til å lære om samfunnet/verda, og etablere eit grunnlag for på lengre sikt å kunne tenkje kritisk.
4. Vaksne må vere bevisste på at borna er deltagarar i kvardagslivet og sikre at dei får påverke.

Leik

Leiken har ein sentral plass i barnehagen. Leiken har verdi i seg sjølv, og er ei viktig side av barnekulturen. Mykje tid er sett av til leik både ute og inne, og det er stor fridom i å velje aktivitetar. Å få ta del i leik og få vene er grunnlaget for at borna skal trivast i barnehagen og oppleve den som meiningsfull.

I leiken har borna eit unikt høve til å utvikle sosial kompetanse og språk. Dei lærer å ta omsyn til kvarandre og å knyte nære og gode relasjonar. I leiken har borna høve til å få kunneskap om seg sjølv og andre, og sjå seg sjølv i høve andre. I rolleleik kan borna også få bearbeide inntrykk og opplevingar. Her kan borna leike ut roller tilag med born som kanskje har same erfaringar. Her lærer dei reglane i leiken, både det å dele ut roller, reggisere og utvikle eit leiketema saman. I regelstyrd leik, som t.d. brettspel, er også det sosiale viktig; å vente på tur, vise omsyn til kvarandre og å inkludere andre i aktivitetten.

Den vaksne si rolle i leiken:

- leggje til rette for god leik
- gje fellesopplevingar
- vere tilgjengelege
- stimulere, oppmuntre og inspirere til leik
- vere støttande i den læringa som skjer i leiken
- vaksne sine haldningar til og veremåte i leik er avgjerande
- vere ein varm og grensesettande vaksen

Ei viktig oppgåve blir å syte for at borna lærer å inkludere kvarandre i leiken. Dei vaksne må m.a. fylgje opp born som ikkje deltek i leik, born som blir haldne utanfor eller øydelegg leiken for andre. Det er derfor viktig at personalet er lyttande, observerande og tilstade i leiken både ute og inne.

Inneleik

I barnehagen har vi mange rom og leikekrokar som innbyr til ulik leik. Vi har dokkekrok/familiekrok for ulike rolleleikar med utkledningsklede, koppesett g dokker/bamsar/dokkevogner. Her er rikeleg med golvlass til bil-leik, konstruksjonsleik, hopperom for leik med puter, og småkrokar der ein kan finne seg ein stille plass.

Uteleik

Barnehagen har flott tomt, med både skog og planert leikeområde. Her får borna gode utfordringar både i sommar- og vinterhalvåret.

Vi har fått oss grillhytte oppe i skogen som vi kan bruke året rundt, både til varmestove og mat- og samlingsplass.

Vi meiner uteområdet vårt gir ei god ramme rundt uteleiken, både til rollelek og motorisk leik. Uteleik og uteaktivitetar er ein del av barnekulturen som er viktig å ta vare på året rundt. Vi er mykje ute og vi ønskjer å gje borna gode erfaringar/opplevingar i all slags ver. Det er viktig at vaksne er gode rollemodellar og viser positive haldningar til uteaktivitetar.

Nærmiljø og turar

I nærmiljøet vårt i Myrvåg og Dragsund, har vi eit fantastisk turområde som gir opplevingar og utfordringar. I tillegg til vatn, sjø, skog og mark har vi og nokre fjelltoppar som vi ønskjer å nå toppen på med dei eldste borna.

Læring

«*Barnehagen skal gi barn grunnleggende kunnskap på sentrale og aktuelle område. Barnehagen skal støtte barns nyskjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barns interesser, kunnskaper og ferdigheter»*
(Barnehagelova §2)

I den reviderte rammeplanen frå 2011, har læringsomgrepet fått ein sentral plass. skal gje eit godt grunnlag for livslang læring. Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og med miljøet og heng nært saman med leik, danning og omsorg.

Borna lærer både i formelle og uformelle situasjonar, og personalet må ha eit aktivt tilhøve til læringsprosessane til borna.

Fagområda i rammeplanen

«*Barnehagen sitt innhald skal byggje på eit heilsakleg læringssyn, der omsorg, leik og læring er sentrale delar. I tillegg er sosial og språkleg kompetanse, samt sju fagområde viktige delar av barnehagen sitt læringsmiljø»*. (R.PI 2011)

- kvart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt og vil sjeldan opptre isolert
- fleire område vil ofte vere representert samtidig i eit temaopplegg, i sosialt samspel, leik og i samband med kvardagsaktivitetane og turar i nærmiljøet.
- Gode opplevingar, erfaringar og læring innanfor dei 7 fagområda vil kunne gje born eit positivt tilhøve til faga, og motivasjon for å lære meir
- I årssplanen vil vi konkretisere kva fagområde vi er innom

Dei 7 fagområda er:

1. Kommunikasjon, språk og tekst
2. Kropp, rørsle og helse
3. Kunst, kultur og kreativitet
4. Natur, miljø og teknikk
5. Etikk, religion og filosofi
6. Nærmiljø og samfunn
7. Tal, rom og form

Språkleg kompetanse

Småbarnsperioden er den grunnleggjande perioden for språkutvikling. Barnehagen må sørge for at alle born får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler.

At vaksne oppfattar og stadfestar uttrykket til barnet og samtidig set ord på inntrykka og opplevingane, er avgjerande for korleis talespråket utviklar seg. Vaksne er med andre ord viktige språklege førebilete.

Myrsnipa barnehage har eit rikt og variert språkmiljø. Fellesopplevelingar og aktivitetar gir eit unikt høve til kommunikasjon mellom borna og mellom borna og dei vaksne.

Barn sin rett til medverknad

«Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege virksomhet. Bran skal jevlig få mulighet til aktiv deltagelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkt skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet». (Barnehagelova §3)

Det er viktig at personalet gjennom drøfting og refleksjon får felles ståstad for korleis ein vil praktisere medverknad.

- Barn sin rett til medverknad skal vere integrert i heile barnehagekvardagen, ikkje berre i visse situasjonar og aktivitetar
- Dei vaksne må vere lydhøyre for borna sine synspunkt og la det dei uttykkjer få konsekvensar for det pedagogiske arbeidet.

Samtidig som borna har rett til å gje uttrykk for sitt syn, skal dei ikkje overlatast til eit ansvar som dei ikkje er rusta til å ta. Her må dei vaksne bruke si vurderingsevne, slik at borna får sleppe å måtte velje i ein del situasjonar.

- Personalet må vere merksame på borna sine ulike uttrykksformer. Kroppslege og non-verbale uttrykk som t.d. gråt, så vel som verbalt språk og estetiske uttrykksformer. Born sin rett til medverknad handlar om at borna blir respektert og forstått uavhengig av kva for ein måte dei uttrykkjer seg på.
- Barnehagen er ofte organisert i små grupper. Dette gjer det lettare å fange opp dei ulike uttrykksformene til det einskilde barnet, og større rom for at kvart barn blir sett og hørt.

Likestilling og likeverd

Det er eit overordna mål at barnehagen skal arbeide for å bidra til ei likestilt samfunn. Alle skal få utnytte sine evner og interesser, uavhengig av kjønn. Likeverd og likestilling mellom kjønn skal ligge til grunn for all læring og pedagogisk verksemd i barnehagen vår. Vi skal vere bevisste i kvardagen vår på kva vi tilbyr av leikar og aktivitetar, slik at alle born får same moglegheit til leik og læring.

Sosial kompetanse

Sosial kompetanse handlar om å kunne samarbeide med andre i ulike situasjoner. Born uttrykkjer seg og tileignar seg denne kompetansen i samspel med kvarandre og med vaksne. Sosial kompetanse blir utvikla kontinuerleg gjennom handlingar og opplevingar. Det skjer i alle situasjoner i løpet av dagen. Det handlar om å lukkast i å omgå kvarandre. Inkludering i eit fellesskap, venskap og leik med jamnaldringar styrker borna si sosiale og personlege utvikling og allmenne velvære. Sosial kompetanse er og sjå på som ein ressurs for å meistre stress og motgang. God sosial kompetanse kan verke som ein «vaksinasjonsfaktor» mot problemåtferd».

Vi kan dele sosial kompetanse inn i 5 hovudområder:

Empati og rolletaking

- Å vere i stand til å setje ord på eigne og andre sine kjensler
- Å kunne sjå ting frå andre sin synsvinkel
- Å kunne forstå korleis eigne handlingar kan påverke andre
- Å kunne lytte til andre
- Å kunne konversere med vene ved å ta passande augekontakt, tone inn stemmeleiet og vise passande kroppsspråk

Positiv sosial åtferd

- Å kunne ta omsyn til andre
- Å kunne utføre handlingar som er til hjelp og nytte
- Å kunne hjelpe, dele med, vise omsorg for og inkludere andre
- Å kunne gjenkjenne og rose positiv åtferd hjå andre
- Å kunne føle glede ved å vise omtanke for andre

Sjølvkontroll

- Å kunne utsetje eigne behov og ynskje ved t.d. tur-taking
- Å kunne kompromisse i konfliktsituasjoner
- Å kunne takle det at andre ynskjer noko som går på tvers av eigne ynskje
- Å kunne gje seg, innrømme feil og tåle å tape
- Å kunne kontrollere eigne aggressive og egoistiske impulsar
- Å omlære aggressjon om det er naudsynt

Sjølvhevding

- Å kunne engasjere seg i prat med andre og i felles aktivitetar
- Å kunne ta initiativ til sosial kontakt på ein passande måte
- Å kunne meistre å kome med i leik på ein god måte
- Å kunne hevde sine eigne meningar, ynskjer og behov

Leik, glede og humor

- Å kunne skilje leik frå annan aktivitet og å tre inn og ut av leiken
- Å kunne bidra til leiketema
- Å kunne vise god fantasi

Døme på metodar vi kjem til å nytte:

Kvar haust har vi faste tema der vi legg vekt på å byggje gode relasjonar mellom barn-barn og mellom barn-vaksen. Vi held fokuset på venskap og godt samspel i barnegruppa.

Vi vaksne skal ha fokus og deltaking på sosial kompetanse i leiken, under måltidet, ved påkledning og i tema/prosjektarbeid.

I løpet av 2016-1017 er målet at Myrsnipa skal bli ein Løvebarnehage, der «løvelova» skal hjelpe oss til å halde fokus på sosial kompetanse, dei 4 vaksenstilane og den varme relasjonen i samspelet.

Vi vaksne må sette tydelege og forståelege grenser, kommunisere godt med foreldra, og ta ansvar for å skape eit miljø som er prega av venskap og sosial trygghet for alle born.

Vi vaksne har eit ansvar for å oppdage og hjelpe til med å bryte ned vonde sirklar. Myrsnipa barnehage har nulltolle ranse for mobbing. Ved å vere kompetent på sosial kompetanse, legg vi eit godt grunnlag mot mobbing.

Mål for deling i mindre barnegrupper:

1. Å sjå det enkelte barn sitt behov betre, og styrke desse
2. Barnet sin medverknad aukar
3. Betre trivsel og leikemoglegheiter på avdelinga
4. Auka leikeferdigheiter og meistring
5. Større tryggleik for det enkelte barn
6. Meir positive samhandlingsrelasjonar
7. Å gje gode erfaringar i sjølvkontroll og sjølvhevding
8. Å gje fleire born meir språkerfaring i mindre språkgrupper
9. Gje meir erfaring i og med empati

IKT

Digitale verktøy og sosiale medier høyrer med til kvardagen til dei fleste barn i dag. I Rammeplanen står det at barn i barnehagen «bør få oppleve at digitale verktøy kan vere en kilde til lek, kommunikasjon og innhenting av kunnskap».

For Myrsnipa betyr dette:

- Å la barna få delta i prosessen med bilder og dokumentasjon
- La barn få spele spel på pc eller Ipad
- Vere med å lage historie/film ved å bruke ulike app-ar
- Hente svar på internett

Mål for kvardagsaktivitetane våre

	Mål	Delmål
Måltidet	<ol style="list-style-type: none"> 1. Å ha god bordskikk 2. Å få til ein god samtale 3. lære å blir sjølvstendige 	<ol style="list-style-type: none"> 1.1 Sitte i ro på stolen sin 1.2 Sitte til dei fleste er ferdige før vi går frå bordet 1.3 Be om å få, og lære å sende til kvarandre 1.4 Takke for maten, og rydde av bordet etter seg 2.1 Inkludere kvarandre 2.2 Lære omgrep 2.3 Ha ein hyggjeleg tone 3.1 Få lov å prøve sjølv 3.2 Å klare å regulere sjølv – når er eg mett?
Påkledning	<ol style="list-style-type: none"> 1. Lære å kle på seg sjølv 2. Hjelpe kvarandre 3. Få til ein god samtale 	<ol style="list-style-type: none"> 1.1 Å prøve sjølv 1.2 Ha orden på plassen sin 1.3 Sitte på plassen sin 1.4 Henge opp/ ta ned kleda sine sjølv 2.1 Be om hjelp når ein treng det 2.2 Å vise omsorg 3.1 Finne ro for den gode samtalen 3.2 Å øve seg på ord/begrep
Frileiken	<ol style="list-style-type: none"> 1. leike for leikens del 2. Klare å byggje venskap 3. Å få til ein god samtale 4. Å ha nytige leikemateriell 5. Å få utvide/utvikle fantasien sin 	<ol style="list-style-type: none"> 1.1 Å leike ilag 1.2 Å få samspelserfaringar 2.1 Be om hjelp 2.2 Å inkludere og samarbeide 2.3 Å dele med kvarandre 2.4 Få vere med i leiken 2.5 Å hjelpe kvarandre 3.1 Vere greie med kvarandre 3.2 Hindre stagnering i leiken 4.1 Lære å rydde opp etter seg

Barnehage - heim

Mål: å sikre borna gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med borna sin heim.

Heimen skal vere nummer 1 i born sine liv, og vi ønskjer at Myrsnipa skal vere ein god nummer 2 ☺

Vi vil:

- møte born og foreldre på ein positiv måte når dei kjem om morgonen
- ha foreldresamtalar der vi mellom anna set fokus på foreldra sine behov for informasjon, og kva hjelp og støtte dei evt. treng i oppdragarfunksjonen sin
- vi vil leggje vekt på å gje foreldra best mogleg informasjon om korleis barnehagedagen har vore
- invitere foreldre/familie til ulike arrangement
- arrangere foreldremøte
- sende ut referat til alle foreldre frå Samarbeidsutvalsmøte og møte i foreldrerådsstyret
- kunne rettleie i korleis vere ein varm og grensesettande forelder og snakke om dei 4 vaksenstilane

For at vi skal kunne gjøre best mogleg arbeid med borna dykkar, ønskjer vi at de skal hjelpe til ved m.a. å:

- vere engasjerte og nyskjerrige, stille spørsmål, vere kritiske, gje ris og ros, kome med forslag og idear. De kan gjerne ringe barnehagen i løpet av dagen om de lurer på noko.
- Foreldra må ta kontakt med personalet før de går frå borna om morgonen og før de tek borna heim om ettermiddagen
- Lese månadsplanen/ andre brev vi sender ut og orientere dykk om det som står på oppslagstavlene
- Slutte opp om foreldremøte, dugnad og andre familiearrangement
- Sjå til at borna har klede etter vèr og tilhøve; regnklede, bytteklede, vinterklede
- Merke kleda
- Fortelje oss om viktige hendingar i barnet sin livssituasjon t.d. flytting, alvorleg sjukdom i familien, foreldre som reiser vekk, endring i samværsordning

Samarbeid med andre instansar

I Myrsnipa barnehage har vi tverrfagleg team. I dette teamet sit helsesøster, barnevern og PPT. Barnehagen har ein fast kontaktperson i kvar fagavdeling. Dette teamet har vi for å kunne sette inn tiltak og hjelpe så tidleg som mulig. Føresette kan få møte i teamet, og ped.leiarane kan få diskutere anonyme saker for å få råd.

Leikanger barnehage er i teamet ilag med Myrsnipa. Styrar kallar inn teamet ved behov.

Kontaktpersonen på PPT har faste tider i Myrsnipa barnehage, ho kjem ca kvar tredje veke.

Helsestasjonen er og ein samarbeidspart. Alle 4 åringer får ein samtale her i barnehagen før dei skal på 4-års kontroll på helsestasjonen, og helsestasjonen får tilsendt eit ferdig utfylt skjema frå barnehagen som dei føresette signerer.

Styrar si oppgåve blir å sikre at Myrsnipa barnehage kontinuerleg jobbar for at barnet sitt uttrykk blir tatt alvorleg, og at barnehagen gjennom planlegging, opplæring og oppfølging fyljer opp barnehagelova sitt krav og barna sine rettigheter.

Pedagogisk dokumentasjon

Å lyte til og undre seg saman med borna, og finne det dei er interesserte i og vil vite meir om, vert viktig når det gjeld leik, planlegging av tema og prosjektarbeid. Det medfører at vi ikkje kan gje så detaljerte planar på førehand, men at informasjon kjem langsmed og i etterkant av eit opplegg.

- Rammeplanen peikar på verdien av å bruke pedagogisk dokumentasjon som grunnlag for refleksjon og læring. Gjennom dokumentasjon får ein synleggjort borna sine førestillingar, meininger og kunnskap; får lyfte fram borna sin kompetanse.
- Dokumentasjon er berre eit middel, for utan samtale og refleksjon rundt dokumentasjonen skjer inga utvikling.
- Myrsnipa nyttar «dagen i dag», bileter, teikningar, praksisforteljingar og ulikt formingsarbeid som dokumentasjonsmateriale.

Vurderingsarbeid

Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadane for utviklinga og læringa til borna. Systematisk vurderingsarbeid og refleksjon legg grunnlag for barnehagen som lærande organisasjon. I Myrsnipa brukar vi kollegarettleiing som utgangspunkt for refleksjon i personalgruppa. Kvardagssituasjonar, enkeltbarn og barnegruppa og planane blir reflektert og diskutert rundt i ein evalueringsprosess, og naudsynte tiltak blir sett i verk. Dette er eit kontinuerleg arbeid gjennom heile året. Tilsette, born og føresette er med i vurderingsarbeidet som blir gjort ved Myrsnipa barnehage.

Handlingsplan for overgang barnehage/skule		
DATO/ TIDS- PUNKT	TILTAK/ HANDLING	ANSVAR
September	<p>Foreldremøte i barnehagen</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen informerer om samarbeidet med skulane. • Barnehagen har eit felles skjema der foreldra skal skrive under på at dei godkjenner at informasjon vert overlevert. Om det er spesiell informasjon som skal leverast vidare om eit barn, skal foreldra til barnet godkjenne dette på førehand. • Er det "usikkerheit"/bekymring rundt barn, tek barnehagen dette opp med PPT. 	Barne- hage
November	<p>Evalueringsmøte i barnehagen for barn med IOP</p> <ul style="list-style-type: none"> • Heim/barnehage/PPT/skule deltek. Skulen skal møte for å få informasjon tidlegast mogleg før skulestart. <p>Innskriving i skulen</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen informerer om samarbeidet med barnehagen. <u>Skulen spør foreldra om det er spesielle forhold ein må ta omsyn til ved skulestart, og om barnet har spesielle tiltak i barnehagen.</u> • Dersom skulen får mistanke om at det skulle vere noko som ikkje kjem fram under samtalen, har skulen ansvar for å ta kontakt med barnehagen. 	Barne- hage Skule
15. desember	Halvårvurdering	Barne- hage
Februar	<p>Samarbeidsmøte barnehage/skule</p> <ul style="list-style-type: none"> • Pedagogane i barnehagane og skulane skal ha eit møte på kveldstid, <i>kvart 2. eller 3. år.</i> • Begge partar skal presentere <u>innhald, mål, metode</u> i barnehage og skule for å gi barna læring og utvikling i samsvar med lovverket. Drøftingstema: Kva bør barnet mestre/ha erfaring med før det byrjar i 1.klasse? 	Barne- hage- og skule- avdeling

Start mars	<p>ITP</p> <ul style="list-style-type: none"> Skulane vert orientert om barn som treng ITP (Individuelt tilpassa plan). ITP er for barn som treng noko ekstra oppfølging, men som ikkje har IOP. Utarbeidning av ITP som eit samarbeid mellom barnehage og skule. 	Barnehage og skule
Slutt mars	<p>Samarbeidsmøte</p> <ul style="list-style-type: none"> Møte mellom foreldre, barnehage, skule og PPT der ein drøftar kva som er viktig å ha med i komande IOP. <p>Søknad ressurser</p> <ul style="list-style-type: none"> Søknadsfrist for ekstra ressursar også til første skuleår. Byggjer på barnehagen sin utarbeidde IOP for barn under § 5.8., PPT si sakkyndige vurdering, og nye behov som eleven vil møte i skulen. Skulen sender samla ein søknad om behov for ekstra ressursar, som i tillegg skal belyse elevar med ITP og spesielle behov. Skulen har ansvar for å sende søknad til skuleavdelinga. 	Barnehage Skule
Start mai	<ul style="list-style-type: none"> Skulen informerer aktuelle barnehagar om dato for førskuledag / besøksdag. Frist for å melde inn til skulane kor mange barn som skal starte der. Deretter avtale dato for møte der ein kan utveksle informasjon om enkeltbarn/ gruppe. Dei som ikkje kan møte må lage eit skriftleg notat. Dersom ein skal navngje nokon av barna, må dette vere klarert med foreldra. 	Skule Barnehage
Mai/juni 15.juni	<p>Førskuledag</p> <ul style="list-style-type: none"> Dei enkelte skulane har førskuledagar eller besøksdag. Skulane sender invitasjon heim til barnet, og informasjon om møtetidspunkt og innhald til barnehagane. Frist for å sende IOP til dei enkelte skulane og PPT om barn som har enkeltvedtak etter opplæringslova eller barn med særskilte behov. 	Skule Barnehage

Progresjonsplan for fagområda.

Planen tek ikkje utgangspunkt i alder, men i tre "trappetrinn" som vi meiner byggjer naturlig på kvarandre og som alle barn går gjennom om enn med ulik fart og spenst. Innanfor kvart av trinna kan det vere barn i ulik alder avhengig av det enkelte barn si utvikling. Eit barn kan og vere på ulike trinn på ulike fagområder. Vår oppgåve som pedagogar er å finne barnet sin ståstad og byggje vidare på dette med dei tiltak som blir nemnt i planen, slik at kvart barn får "akkurat passe" utfordringar og ein god progresjon.

Når vi flyttar oss frå eit trinn til eit anna, betyr ikkje det at vi legg vekk alt vi gjorde i trinnet før. Vi kan flytte oss mellom trinna då vi veit at gjentaking som er tilført nye element har god læringseffekt.

Målsetningane i planen blir knytt til dei vaksne sitt arbeid og tilrettelegging/tiltak for dei borna som faktisk er på dette trinnet.

For å finne barnet sitt ståstad så brukar vi ulike observasjonsmetodar i tillegg til den kunnskapen vi får i det daglige samspelet med borna. Eksempel på observasjonsmetodar vi bruker er:

- ✓ Kartleggingsverktøyet «Alle med» og «Tras». Desse brukar vi ved behov.
- ✓ Praksisfortellingar: Dette er skriftlig gjengjeving av ein situasjon som kan illustrere meistring eller utfordringar for det enkelte barn. Desse dannar grunnlag for refleksjon hjå personalgruppa og vidare tiltak.
- ✓ Kontaktbarometer: Gjennom denne metoden får vi kartlagt kven borna er mykje/lite saman med og ut frå dette kan vi vurdere å jobbe vidare med relasjonsbygging både i høve vaksne og barn.
- ✓ Observasjon av kor mykje kontakt borna får av personalet

Kommunikasjon, språk og tekst

Mål for personalet sitt arbeid	Tiltak
Trinn 1	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi er tilstade der barn er. Tolkar, lyttar og ser borna sine signal. ✓ Vi ser, tolkar og responderer på barn sitt kroppsspråk. "Sjå med det gode blikk." ✓ Vi kjenner tydinga av de ulike signala som borna gir. Vi bekreftar og gjentek ord riktig. ✓ Vi har fokus på ulike situasjonar der barn kjenner seg igjen, vi set ord på desse situasjonane. ✓ Vi skaper eit språkstimulerande miljø i alle kvardagssituasjonar, som påkledning, måltid, bleieskift mm. ✓ Vi er bevisste det fysiske miljøet og legg til rette for "tumleleiken" ✓ Vi er delaktige i den begynnande rolleleiken. ✓ Vi introduserer enkle begrep som set ord på kjensler 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Bruk av enkle rim, regler og songar, med utgangspunkt i "det nære" ✓ Bruk av handdukke ✓ Bruke snakkepakken ✓ Bruke korte setningar, få ord. ✓ Bruke bilder og første bokstaven i eige namn og ordbildet av namnet i garderoben, stellerom og elles i rom der borna er. ✓ Alle barn har eige hus med bilder av sin familie. Vi bruker denne aktivt i kommunikasjonen med borna. ✓ Bildebøker ✓ Stor grad av bruk av konkretar i fortellingar. ✓ Songkort
Trinn 2	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi viser interesse for det borna utrykker og formidlar. ✓ Vi knyt det muntlige og skriftlige språket saman. ✓ Vi legg til rette for leik med ord og fabulering. ✓ Vi legg til rette for leik med lydar og bokstavar munntleg og skriftleg. ✓ Vi synleggjer skriftspråket i det fysiske miljøet ✓ Vi brukar tid på muntleg formidling av historiar og forteljingar. ✓ Vi er bevisste på at borna har tilgjengelig språkstimulerande materiell ✓ Vi legg til rette for og deltar i rollelek med fokus på at borna lærer seg leikekodar. ✓ Vi er gode samtalepartnarar i kvardagssituasjonar. Bruke desse moglegheitene til aktiv språkstimulering. Vi samtalar om det vi gjer, våret, hva har vi gjort, kven vi har leika med. ✓ Vi bruker språket aktivt til å snakke om/kjenne igjen kjensler og begrep knytt til dette. 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Bruke alle tipsa frå «snakkepakken»(spel og eventyr) ✓ Bruke begynnande tekstskaiping ✓ Vi setter tekst på teikningar ✓ Oppmuntre borna til å skrive namnet sjølv. "Hermeskrive" ✓ Oppfordre til teikning og leikeskriving ✓ Rim, regler, songar. Med mykje innslag av "nonsens" innhald og leik med språket. ✓ Bruke bildebøker med noko tekst. ✓ Bruke spel som stimulerer til leik med bokstavar, fargar og innlæring av begrep, preposisjonar. ✓ Bruke muntlege forteljingar med innslag av konkretar og dramatisering. ✓ Borna dramatiserer, syng og fortel. ✓ Bruk av ordbilde på eigne namn og enkelte konkretar. Bruke humor i kvardagen, tulleforteljingar og tullesongar
Trinn 3	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi er oppmerksame på korleis språket blir brukt til å konstruere leik, og deltar aktivt for å stimulere dette dersom det er nødvendig. ✓ Være støttande og undrande sammen med borna i høve lek med bokstavar og lesing. ✓ Vi gir forskuleborna ekstra utfordringar i høve språkforståing. ✓ Vi legg til rette for mykje samtale med eit utvida fokus på det mellommenneskeleg 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Gi rom for rolleleiken ✓ Borna blir oppfordra til å skrive namnet sitt og gå på jakt etter bokstavlydar. ✓ Leikeskriving, avskriving ✓ Høgtlesing, forteljingar, gjenforteljingar, dramatisering, leikelesing og medlesing ✓ Tekstskaiping, fri dikting ✓ Vitsing, gåter, riming ✓ Videreutvikling av språkhumor

Antall, rom og form

Mål for personalet sitt arbeid	Tiltak
<i>Trinn 1</i>	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi støttar opp om barnet si begynnande matematiske utvikling med utgangspunkt i barnet sine interesser og uttrykksformer. ✓ Vi tek utgangspunkt i barnet og opplevingane barnet har av seg sjølv i gruppa, i barnehagen og i den verda dei til no har fått erfare. ✓ Vi er bevisst eigen begrepsbruk og introduserer borna for stor-liten og enkle mengdeuttrykk 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Leik med tal, introdusere 1-10. ✓ Telje fingrar, tær, barn i gruppa, ✓ Knytte teljinga og begrepsbruken til kjente konkreter. ✓ Teljeleikar ✓ Leik med former, leike med puttekasser, puslespel
<i>Trinn 2</i>	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi undrar oss og ressonerer saman med borna om likheiter, ulikheiter, storleik, antal og former. ✓ Vi støtter opp under borna sin nysgjerrigkeit og utforskarglede. ✓ Vi er bevisste på borna si begynnande forståing av samanhengen mellom mengde, tal og talsymbol. ✓ Vi introduserer fleire begrep knytt til måling og mengde. ✓ Lære om tidsbegrep ✓ Vi er bevisste på å ha utfordrande leikemateriell tilgjengeleg. ✓ Vi bruker naturen aktivt til å undre oss saman med borna i høve samanhengar og ulikheiter 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Leik med former; teikar dei, uttalar dei og brukar dei i kvardagslivet. ✓ Måling, veging, eksperimentering. ✓ Konstruksjonsleik (Lego, Briomek, naturmatriale, snekring mm.) ✓ Spel med fokus på læring av tal og matematiske begrep. ✓ Sortering, samanlikning og klassifisering ✓ Tid og rom ✓ Dagar, månader og år
<i>Trinn 3</i>	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi legg til rette for litt meir avansert eksperimentering med former, system, mønstre, mengde. ✓ Vi legg til rette for aktivitetar som styrkjer og vidareutviklar borna si forståing av samanhengen mellom tal og mengde. 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Introdusere det ”å legge til” og ”ta vekk”. ✓ Avstand og tid ✓ Vidareføring av tiltaka nemnt ovanfor

Kropp, rørsle og helse

Mål for personalet sitt arbeid	Tiltak
<i>Trinn 1</i>	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi legg til rette for å gi borna eit godt grunnlag for grunnleggande motoriske ferdigheter. ✓ Vi tilpassar det fysiske miljøet slik at det blir god plass til "tumlelek" ✓ Vi organiserer kvarдagen slik at det blir ein god veksling mellom aktivitet og ro. ✓ Vi har fokus på sunt kosthald og serverer sunn mat med ulik smaksopplevingar i en hyggelig atmosfære. ✓ Vi har begynnande fokus på hygiene og reinsemd 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Et fysisk miljø med god plass til utfolding, boltreplass ✓ hopping frå små høgder, hermeleik, titt-titt-leik. ✓ Uteleik, rørsle i ulendt terren, allsidige motoriske utfordringar. ✓ Dans og musikk ✓ Få sove ute ✓ Gode rutine på stellerom med begynnande læring der borna ut frå kva dei kan klare, deltar i stellet. ✓ Meg-sjølv tema ✓ Gode rammer ved måltid. Starte måltidet med bordvers. Dei vaksne sitt att med og har samtalen med borna i fokus.
<i>Trinn 2</i>	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi legg til rette for å styrke og utvikle motoriske ferdigheter slik at borna får en positiv sjølvoppfatning gjennom eigen meistring ✓ Vi bruker barnehagen sine grupperom og uteområde ✓ Vi gjennomfører minst ein turdag i veka ✓ Vi har fokus på å gi alle same utfordringar uavhengig av kjønn. ✓ Vi verdsetter ulikheter ✓ Vi har fokus på eit hyggeleg måltid med fokus på sunt kosthald og varierte smaksopplevingar ✓ Vi har fokus på hygiene og reinsemd. ✓ Vi legg til rette for sjølvstendigheitstrening når det gjeld do-besøk, handvask og av og påkledning. ✓ Lære å finne eigne grenser 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Turar til Blåbærskogen og i nærmiljøet. ✓ Legge til rette for motorisk utfordrande aktivitetar både inne og ute. ✓ Finmotorisk trening: Teikning, klipping, perling hjelpe til på kjøkken med kutting, baking osv. ✓ Stimulere til rollelek ute også ✓ Handvask, toalett-trening ✓ Snakke om virus og bakteriar ✓ Måltid med gode rammer. Vi starter med bordvers, og vaksne og barn sit ilag og et. Vi sender maten til kvarandre og pratar saman. ✓ Alle smakar på maten, men dersom dei ikkje vil ha det kan dei få anna mat. Vi har fokus på at maten er god – ikkje på dei som ikkje likar den. ✓ Stå opp for seg sjølv – bestemme over eigen kropp
<i>Trinn 3</i>	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi legg til rette for å styrke og vidareutvikle motoriske ferdigheter slik at borna får en positiv sjølvoppfatning gjennom eigen meistring ✓ Vi forventar at borna kler på og av seg sjølv og legg til rette for dette ved garderobeutstyr og tidsbruk. ✓ Respekt for eigne og andre sine personlege soner ✓ Vanntilvenjing 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Lengre turar vekk frå barnehagen ✓ Borna får bruke verktøy, sag/øks/kniv i større grad enn tidligare ✓ Spesiell fokus på finmotoriske øvingar, klipping, blyantgrep, ✓ Ballansering ✓ Klatring ✓ Balleik - kaste og ta i mot ball/fotball ✓ Tørre å seie nei ✓ Lære å sjå den andre; lytte/sjå på kroppsspråket ✓ Førskulebadning

Natur, miljø og teknikk

Mål for personalet sitt arbeid	Tiltak
Trinn 1	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi stimulerer til å bruke sansane og teknikken som utgangspunkt i borna sin nyfikenhet ✓ Vi opplever verda saman med borna 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Oppleve, erfare og få kjennskap til naturkraftene ved å vere ute i all slags vær. ✓ Sortere matsøppel, kaste papir ✓ Begynnande fokus på straumsparing ✓ Legge til rette for erfaringslæring- Barna lærer om planter og dyr gjennom å sjå, ta på og lukte. ✓ Fokus på teknikk i umiddelbar nærliek – lysbrytar, vannkran mm. ✓ Vise bilder i album og på pc saman med borna
Trinn 2	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi inkluderer friluftsaktiviteter og utelek i barnehagen sitt kvardagsliv ✓ Vi stimulerer til undring over naturen sin syklus ✓ Vi har fokus på miljø. 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Utedag, turdagar, ✓ Naturopplevingar i alle årstider ✓ Sortere søppel ✓ Vi snakkar om kvifor..... Dramatisering ✓ Erfaringslæring - utforske dyr og planter vi finn på vår veg. ✓ Lage dragar ✓ Temperaturmåling og vannmåling ✓ Straumsparing ✓ Vi har plansjar, oppslagsverk, utstyr til forskning tilgjengelig – ✓ Planting ✓ Vi lar barna vere delaktige i daglige gjeremål
Trinn 3	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi gir erfaringar med og kunnskap om insekt, fisk, dyr og vekster og dei ra sin gjensidige avhengigheit og betydning for matproduksjon ✓ Vi stimulerer til undring og spørsmål i forhold til teknikk og fysikk. (Årsak – verknad) 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Samtaler om kor ulik mat kjem frå og korleis ting blir til ✓ Borna lærer meir om gjenbruk og resirkulering. Besøkje gjenbruksbutikken ✓ Bruke tur ✓ Legge til rette for forskning/eksperimentering ✓ Straumsparing ✓ Hevert / luftballong

Kunst, kultur og kreativitet

Mål for personalet sitt arbeid	Tiltak
Trinn 1	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi introduserer ulike formingsteknikkar, med fokus på den taktile sansen ✓ Fokus på prosessen og skaparglede, ikkje på produktet ✓ Bruke song, dans, drama, musikk, rytme som ingrediensar i kvardagen ✓ Vaksne som verdset barnekulturen sin eigenverdi 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Fingermaling, leire, ull ✓ Spontansong ✓ Song og dans ✓ Rytmearinstrument ✓ trampe, klappe ✓ teateroppleving ✓ Hermeleik, ta vare på borna sine initiativ
Trinn 2	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi legg til rette for at borna får prøve ut ulike formingsteknikkar. Vi møter borna der dei er og prøver å utnytte interessefeltet og fokuset deira. Møte deira skaparglede. ✓ Vi presenterer ulike kulturuttrykk for borna. ✓ Vi ivaretak barnekulturen og lar den blomstre. ✓ La borna få lytte til ulike musikk ✓ Vi legg til rette slik at borna får oppleve gleda ved song, musikk og rørsle. 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Borna får male, teikne/farge, klippe og lime, modellere, mm. ✓ Stimulere til rollelek ved å dramatisere og la borna få teateropplevingar. ✓ Besøke biblioteket, kyrkja, museum, konserter. ✓ Invitere kulturskulen til barnehagen ✓ Bygge hytte, bruke alle krikar og krokar til leik ✓ Vaksne som tør sleppe seg lause og som er igangsettarar ✓ Vaksne som gir borna rom og gehør. ✓ Bruker song i samling og spontant i kvardagsaktivitetane. ✓ Seie ja når barna tek initiativ til bruk av musikk. ✓ Møte borna på deira sine musikkønskjer.
Trinn 3	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi gir barna trygge rammer slik at de tør uttrykke seg kreativt åleine eller i ei lita gruppe. ✓ Vi introduserer ulike kulturuttrykk for barna. ✓ Vi utvider borna sin horisont ved å dra på lengre turar ut frå Myrvåg. ✓ Fremje sjølvbilete – å vere stolt av seg sjølv 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vaksne og barn forteljer vitser og gåter. ✓ Lage forteljingar, vitser og gåter ilag med borna. ✓ Bruk av mer avanserte kreative teknikkar. Slik som nål og tråd, veving, snekring, fingerhekling, "spå" osv. ✓ Tilrettelegge for meir langsiktige kreative prosjekt. ✓ Delta på aktuelle teater/forestillinger ✓ Oppfordre borna til å vise sitt "produkt" for andre, det vere seg song, dans, drama, kunstverk mm. ✓ Stimulere fantasien

Nærmiljø og samfunn

Mål for personalet sitt arbeid	Tiltak
Trinn 1	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi lar borna få erfare at dei har medverknad på kvardagen sin i barnehagen. ✓ Vi er trygge medfararar når barna utvider horisonten sin frå sin vesle familie til barnehagen som eit miniatyrsamfunn. Borna møter andre barn og vaksne og lærer seg "spelereglane" i barnehagen og dei skal få erfare at dei betyr noko for fellesskapet. ✓ Vi lar borna etterkvart bli kjent med nærmiljøet utanfor porten. 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Personalet er tilstade og iakttar borna sitt kroppsspråk og handlar etter dette. ✓ Tema barn og familie "kven er eg og kven er dei andre?" ✓ Øve på turtaking – at det er kvar sin gong ✓ Turar til leikeplassen i Myrvågfeltet, Kiwi m.m.
Trinn 2	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Introdusere borna for nærmiljøet. ✓ La borna erfare at dei har medverknad på kvardagen sin i barnehagen. 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Få besøk av f.eks. politi, brannvesen og besøkje bibliotek, matbutikkar, sjukeheimen Turplassane våre ved Djupvikvatnet, opp i Myrvågtunet, i Blåbærskogen etc. ✓ Presentere dei for fleire val. La borna og få erfare konsekvensane av dei vala dei har gjort. ✓ La dei erfare at dei vala den enkelte gjer kan få konsekvensar for andre. Erfare at eit fleirtal kan overprøve den enkelte sitt ønske. ✓ Bruke samtalen meir aktivt i medverkningsprosessen. ✓ Praktisere turtaking – at det er kvar sin gong
Trinn 3	
<ul style="list-style-type: none"> ✓ Legge til rette for besøk på bedrifter/arbeidsplasser som har tilknytning til borna i barnehagen ✓ Presentere nasjonale og lokale styringsordningar og kva eit demokrati er. 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Introdusere konge, statsminister, ordførar og funksjonen til dei. ✓ Besøke Rådhuset/ kommunestyresalen og snakke om korleis lover blir laga og revidere eigne "lover" for Myrsnipa barnehage. ✓ Arrangere møte mellom politikarar og borna i barnehagen.

Etikk, religion og filosofi

Mål for personalet	Tiltak
Trinn 1	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi har kunnskap og kompetanse om dei ulike borna sine religiøse livssyn og kulturelle bakgrunn. ✓ Vi hjelper borna å identifisere eigne og andre sine kjensler ✓ Vi viser alternative handlingsmønstre ✓ Vi har respekt for barnet sin identitet og personlighet. ✓ Barn blir kjent med eigne kjenslemønster og viser det i kvar dag
Trinn 2	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi skaper tid og rom for samtale, skaper eit fysisk miljø som innbyr til samtale. ✓ Vi hjelper barnet med å identifisere eigne og andre sine kjensler og handlar etter dette. ✓ Vi er støttespelarar og aktive medhjelparar i konfliktløysning ✓ Vi er tydelige vaksne i høve samfunnet sine normer og reglar, kva som er rett og gale. ✓ Vi viser nulltoleranse for mobbing og utesenging ✓ Vaksne som undrar seg ilag med borna
Trinn 3	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vi er bevisste rollemodeller når det gjeld tolleranse og respekt ✓ Vi fyller begrepa tolleranse og respekt med et verbalt innhald og knyt dette til hendingar i kvar dag slik at borna får ei større forståing for kva dette betyr i praksis. ✓ Vi stimulerer til refleksjon rundt vennskap
	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Sikre god dialog med foreldre og føresette. Overføre kunnskap frå eksterne kilde og foreldre/føresette til barnehagen ✓ Markere kristne høgtider (jul og påske) med konkretar ✓ Evt. markere andre merkedager i samarbeid med foreldre/føresette til dei borna som er i barnehagen til ei kvar tid. ✓ Vi er på golvet saman med borna og prøver å vere der med ein gong noko skjer. ✓ Vi er gode rollemodellar
	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Fokus på barnesamtalen, undre seg over livet – fødsel liv, død, normer og verdiar. ✓ Snakkehørnet/snakkestein ✓ Tema i samlingar, bruk av vaksne i rollespel ✓ Gjere seg erfaringar i at eigne val og handlingar kan påverke situasjonar. ✓ Barnehagen har ein gjennomarbeida og bevisst verdiplattform som ligg til grunn for alt vi gjer. ✓ Markere kristne høgtider/andre kulturar sine merkedagar. Bruke drama – filosofere meir over mysteriane. ✓ Undre seg
	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Barnehagen har ei gjennomtenkt verdiplattform som ligg til grunn for alt vi gjer. ✓ Barn og vaksne reflekterer over eigne handlingar, og handlingsalternativ. Gi borna språklege verktøy. ✓ Barna må stå til ansvar for eigne handlingar. ✓ Bruke samtalen til refleksjon rundt eigne erfaringar og sette seg inn i andre sin ståstad. ✓ Markere kristne høgtider/andre kulturar sine merkedagar. Undre seg over dei store spørsmål ut frå borna sine initiativ. Undre seg over ulikheter

